# SAK 07/19 TILTAK FOR Å BETRE KOMMUNIKASJON OG INFORMASJON TIL KOMMUNANE

**Saksopplysning**
Det har ved fleire høve vore drøfta tiltak for å betre kommunikasjon og informasjon mellom regionrådet og kommunane.

I sak 52/18, Eventuelt var dette tema
*Samhandling mellom kommuneadministrasjonane og Regionrådet*
*Det er viktig at tiltak, planar og prosjekt som involvera kommuneadministrasjonane må informerast om og forankrast på ein best mogeleg måte. Rådmannsutvalet og dagleg leiar drøftar dette nærare for å koma fram til gode rutinar/løysingar.*

18.1.2019 var det møte mellom rådmannsutvalet og dagleg leiar der samhandling mellom kommuneadministrasjonane og regionrådet vart drøfta.
Det er viktig at tiltak, planar og prosjekt som involvera kommuneadministrasjonane må informerast om og forankrast på ein best mogeleg måte. Rådmannsutvalet og dagleg leiar drøftar dette nærare for å koma fram til gode rutinar/løysingar. Følgjande punkt vart drøfta:
- Sterkare involvering i høve til prosess Strategisk plan og arbeid med handlingsprogram
- Månadsbrev frå regionrådet
- Korte videosnuttar om kva regionrådet driv med
- Laga ein struktur under Regionrådet si side for informasjon
- Betre deling regionråd – rådmannsutval
- Dagleg leiar regionrådet møter i enkelte møter i rådmannsutvalet etter ein nærare plan

10.1.2019 orientert Regionrådet for Hallingdal ved rådsordførar Oddvar Grøthe og dagleg leiar Knut Arne Gurigard, kontrollutvala i Hallingdal om regionrådet og arbeidet i regionrådet (vedlagt presentasjon).
Tema var m.a:
- Intensjon
- Historikk
- Organisering
- Vedtekter
- Strategisk plan for Hallingdal
- Samarbeidspartar
- Regionrådet for Hallingdal, arbeidsoppgåver, drift
- Kva er Regionrådet sine arbeidsoppgåver
- Utvikling Hallingdal, utfordringa og mogelegheiter
- Korleis arbeidar Regionrådet
- Økonomistyring, rekneskapsførings- og rapportering
- Prosjektstyring og rapportering
- Konkret arbeid 2018/2019

*Fellesmøtet uttrykte seg positive til Regionrådets arbeid etter presentasjonen fra Gurigard, som ble ansett å være verdifull informasjon og ga et godt bilde av Regionrådet.*
*Fellesmøtet drøftet dagens orientering og informasjon om Regionrådet ift en eventuell forvaltningsrevisjon og problemstillinger.*
*Bl.a. følgende fremkom under drøftingen:*
- *Områder med forbedrings-potensiale anses å være bl.a. informasjon, kommunikasjon og rapporteringsrutiner.*

- *Det ble gitt uttrykk for frustrasjon ift for lite informasjon/rapportering til politikerne i kommunestyremøtene.*
- *Hvordan finne gode måter å informere politikerne? Et alternativ er å legge innkallinger og referater inn i 360, noe som vil lette tilgjengeligheten for politikerne.*
- *Viktig med å bevisstgjøre ordførere og rådmenn om å informere videre til politikerne.*

**Vurdering**

Dagleg leiar oppfattar problemstillingane som følgjer:

- Behov for betre informasjon til politikarane før saker blir handsama og betre informasjon i høve til regionrådet sitt arbeid.
- Behov for betre involvering og informasjon til administrasjon i kommunane

Regionrådet for Hallingdal er avhengig av tillit i forhold til kommunane, for at samarbeidet skal fungere best mogeleg og etter intensjonane. I denne samanheng er involvering, informasjon og kommunikasjon avgjerande. Regionrådet for Hallingdal har heilt klart eit forbetringspotensiale og i denne omgang er det sett på aktuelle tiltak som kan gjennomførast innan rimeleg tid, utan større kostnadar.

Regionrådet - kommunestyra

Regionrådet arbeidar på ulike måtar (illustrert med skisse under), der det i enkelte tilfelle ikkje er føremålstenleg eller umogeleg å informere om arbeid i framkant. Når det gjeld konkrete saker som skal sakshandsamast og det skal gjerast vedtak, bør det utarbeidast rutinar som gjer at kommunestyremedlemmer lett kan få innsyn i sakliste og saker samstundes med Regionrådet. Den enklaste måten å gjera dette på og som ikkje har nokon kostnad eller meirarbeid, er å sende sakliste og saker (lenke til heimeside) som gruppesending til dei einskilde kommunestyra.




Når det gjeld jamleg informasjon ligg det sjølvsagt og eit ansvar hjå ordførarane. Her bør det kanskje vera innarbeida rutinar som er nokolunde like for dei einskilde kommunane.

Informasjonsbrev kvar månad eller annan kvar månad frå regionrådet vil kunne vera eit positivt bidrag. Her vil også bruk av heimesida vera ein nyttig kanal.

I møte med kontrollutvala vart det også lufta tanken om årleg informasjon til kommunestyra i samband med at årsmeldinga til Regionrådet er til orientering. Dette vart vurdert som eit konkret og aktuelt tiltak.
Årsmeldinga er også eit dokument som i sterkare grad kan nyttas som informasjonskanal.

Regionrådet - administrasjon i kommunane
I forhold til administrasjon i kommunane er det heilt klart eit potensiale for betre involvering, ikkje minst i forhold til planarbeid. Når det gjeld næringssamarbeid tok Regionrådet for Hallingdal initiativet for å etablere Forum for næringssamarbeid. Dette er eit samarbeid mellom aktørar som m.a. arbeidar med næringsutvikling og som har jamlege møter. Her deltek næringsmedarbeidarane i kommunane.
Som konkrete tiltak:

- Sterkare involvering i høve til prosess Strategisk plan og arbeid med handlingsprogram
- Informasjonsbrev kvar månad eller annan kvar månad frå regionrådet
- Korte videosnuttar om kva regionrådet driv med (vurderast nærara)
- Laga ein struktur under Regionrådet si side for informasjon
- Betre deling regionråd – rådmannsutval
- Dagleg leiar regionrådet møter i enkelte møter i rådmannsutvalet etter ein nærare plan
- Når det gjeld jamleg informasjon ligg det også eit ansvar hjå rådmennene. Her bør det kanskje vera innarbeida rutinar som er nokolunde like for dei einskilde kommunane.

**Forslag til vedtak**
For å betre kommunikasjon og informasjon mellom regionrådet og kommunane bli følgjande tiltak .

1. Regionrådet for Hallingdal sender sakliste og saker (lenke på heimeside) som gruppesending til dei einskilde kommunestyra i Hallingdal, samstundes som det blir sendt til regionrådet.
2. Det blir innarbeida rutinar for utsending av informasjonsbrev om regionrådet sitt arbeid, til kommunane annan kvar månad.
3. Det blir laga ein struktur under Regionrådet si heimeside for informasjon.
4. Det blir lagt til rette for årleg informasjon til dei einskilde kommunestyra, om regionrådet sitt arbeid, i samband med at årsmeldinga til Regionrådet er til orientering.
5. Årsmeldinga til regionrådet skal i sterkare grad nyttast til informasjon.
6. Det blir utarbeida rutinar for jamleg informasjon frå ordførarane til formannskap/kommunestyre om regionrådet sitt arbeid.
7. Det blir utarbeida rutinar for jamleg informasjon frå rådmennene til sine leiargrupper om arbeidet i rådmannsutvalet og regionrådet.
8. Det skal etablerast rutinar for sterkare involvering i høve til prosess Strategisk plan og arbeid med handlingsprogram, i forhold til administrasjonen i kommunane.
9. Dagleg leiar i regionrådet møter i enkelte møter i rådmannsutvalet etter ein nærare plan.

Ål 22.1.2019

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:
Presentasjon kontrollutvala i Hallingdal 10.1.2019

# Møte med kontrollutvala i Hallingdal 10.1.2019

- Regionrådet for Hallingdal, overordna
  - Intensjon
  - Historikk
  - Organisering
  - Vedtekter
  - Strategisk plan for Hallingdal
  - Samarbeidspartar
- Regionrådet for Hallingdal, arbeidsoppgåver, drift
  - Kva er Regionrådet sine arbeidsoppgåver
  - Utvikling Hallingdal, utfordringa og mogelegheiter
  - Korleis arbeidar Regionrådet
  - Økonomistyring, rekneskapsførings- og rapportering
  - Prosjektstyring og rapportering
  - Konkret arbeid 2018/2019



HALLINGDAL

# Interkommunal samarbeidsnemnd

*For interkommunal politikk i Hallingdal er det all grunn til å tru at 1954 i framtida vil bli ståande som eit merkeår. Det var nemleg i det året at kommunane valde si interkommunale samarbeidsnemnd. Ein skulle ha lov til å rekna denne nemnda som eit utvida tiltaksråd for heile Hallingdal. Det er grunn til å venta seg mykje av den interkommunale samarbeidsnemnda. Ho har oppgåver nok å ta fatt på. Vi kan nemna nokre av dei største og mest viktige.*

*Den fyrste, mest nærliggjande, og kanskje mest aktuelle oppgåva nemnda får å ta fatt på, blir vel elektrisitetsforsyninga for Hallingdal. Ein ting som kan koma til å leggja grunnlaget for utviklinga her i dalen. Kan Hallingdal skaffa seg nok elektrisk kraft, treng ikkje dalen sjå framtida mørkt i møte, korkje på den eine eller den andre måten. Mykje tyder nemleg på at det avgjerande for utviklinga til dei einskilde landsdelar i framtida blir korleis dei får løyst kraftspørsmålet sitt. Og dei landsdelar som kan sikra seg overskotskraft nok, vil stå godt rusta. For ei løysing av kraftspørsmålet skulle mange ting liggja meir enn vanleg godt til rette for Hallingdal, og det er all grunn til å vone at dei menn frå Hallingdal som får med denne saka å gjera, til fullnads skjønar kor viktig ei god løysing av kraftspørsmålet er.*

*Ei anna viktig oppgåve som den interkommunale samarbeidsnemnda får å arbeida med, er ein samarbeidsplan for skuleverket i dalen. Det må bli ei rett fordeling mellom kommunane i dalen når det gjeld ymse skular.*

*Etter vår meining ser ei slik fordeling naturleg ut i dag: Nes får utvida Hallingdal vinterrealskule til landsgymnas, med to liner i fyrste omgang, ei språkline og ei realline. Hallingdal ligg geografisk slik til at det er naturlig med eit landsgymnas her, sjølv om ikkje Samordningsnemnda for skuleverket har vore klår over det. Då det truleg i framtida blir fleire realskular i Hallingdal, skulle ei realskuleline på Nesbyen vera nok. Ein annan viktig skule for Hallingdal er Hallingdal Yrkesskule i Ål, som må bli realisert så snøgt som mogleg. I Gol får dalen sin folkehøgskule, og mogleg den kvinnelege husflitsskulen for fylket.*

*Hallingdalsvegen har i alt for lang tid vore ein liktorn på vegnettet. Den interkommunale samarbeidsnemnda må her leggja fram eit samla krav frå Hallingdal om ei snøgg utbetring. Turisttrafikken kan og denne nemnda bli nøydd til å arbeida for på interkommunal basis, serleg no når ein alt tek til å høyra omen av likferdssalmen over Hallingdal Turisttrafikklag. Turisttrafikken lagt opp på rett måte, kan bli ei viktig inntektskjelde for mange av kommunane i Hallingdal.*

*Ei interkommunal samarbeidsnemnd får mange og store spørsmål å ta seg av. Det viktigaste er kanskje å få samordna krava frå dei einskilde kommunar, så Hallingdal som einskap kjem med sine krav samla og i tur og orden, til stat og fylke. Det vil etter vår meining bli ein styrke. Samla vil Hallingdal kunna bli ein maktfaktor i fylket, medan krav frå den einskilde kommune kvar for seg, står veikt. Sjukehusspørsmålet for Hallingdal får vi tru kan bli eit døme på at det nyttar å stå samla. Kravet bør ikkje bli gjeve opp så lenge det er von om løysing.*

# *Hallingdal er først med hel regionplan*

*Et av de mest ekspansive områder i landet konsentrerer bosetting — service — industri*




**REGIONPLAN**

**HALLINGDAL**

**FLÅ - NES - GOL - HEMSEDAL - ÅL - HOL**



Grunnlag PBL 18.juli 1965.
§18: "Ved regionplan forstås i denne loven en oversiktsplan for samordning av grunn for felles løsning av spørsmål om anlegg og innretninger tikl dekning av allmenne behov i 2 eller flere kommuner"

- Regionplanrådet for Hallingdal, konstituert 18.1.1967.
- 10 fagutval
- Utkast til regionplan sendt kommuane for handsaming årsskifte 1970/1971
- Godkjent i MD 1973

Regionrådet for HALLINGDAL




66 regionråd
Av landets 422 kommuner er
395 medlem i et regionråd (95%).

Regionrådet for
HALLINGDAL

# FORMÅL

- Regionrådet skal vera eit samarbeids- og interesseorgan

- Rådet skal arbeide for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde

- Rådet skal ta vare på interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylke- og riksplan

Regionrådet for HALLINGDAL





Regionrådet for
HALLINGDAL




Regionrådet for
HALLINGDAL

# ORGANISERING




interkommunalt samarbeid etter
§ 27 i kommunelova

Ny kommunelov, «Interkommunalt politisk råd»

HALLINGDAL


HALLINGDAL
HEMSEDAL
ÅL
GOL
HOL
NES
FLÅ

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

*Hallingdalskommunene Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål og Hol har gått sammen om oppretting av Regionrådet for Hallingdal. Regionrådet er et samarbeids- og interesseorgan for alle kommunene og skal arbeide for utvikling av regionen gjennom prioriterte satsingsområder. Rådet skal også ivareta interessene til kommunene overfor andre utenforstående organer. Det blir etablert fast sekretariat for Regionrådet med virkning fra 01.06.95.*

Til å lede dette sekretariatet søker vi etter

# REGIONRÅDSLEDER

**i nyoppretta stilling med hovedoppgave å utvikle det interkommunale samarbeidet til beste for de 6 kommunene.**

Stillingen vil administrativt være underlagt Regionrådet.

Stillingen byr på store utfordringer. Vi søker en faglig dyktig, kontaktskapende og utadvendt person med vilje til innsats og kreativitet og evne til å etablere gode samarbeidsrelasjoner. Vår nye medarbeider må ha relevant utdanning og allsidig yrkesbakgrunn.

Arbeidsoppgavene er utfordrende og konkretisert gjennom et handlingsprogram som blant annet vil omfatte:

- styrking av samarbeid og samhold i regionen
- bedre kommunikasjonene i og utenfor regionen
- styrke regionens næringsliv og profilere Hallingdal
- øke verdiskapningen basert på lokale ressurser

HALLINGDAL

# KORLEIS ARBEIDAR REGIONRÅDET (forenkla)

Konkrete saker → Saksutgreiing → Vedtak

Regionrådet for HALLINGDAL

# KORLEIS ARBEIDAR REGIONRÅDET (forenkla)



# KORLEIS ARBEIDAR REGIONRÅDET (forenkla)



# KORLEIS ARBEIDAR REGIONRÅDET (forenkla)




Regionrådet for HALLINGDAL

# KVA ER REGIONRÅDET SINE VIKTIGASTE OPPGÅVER

- Samordning mot fylkeskommune, næringsliv, div. interkommunale tiltak
- Samordning av fortløpande saker
- Generell «utarikspolitikk»
- Regional utvikling og planlegging
- Samferdsel og annan infrastruktur
- Næringsutvikling
- Styring av samarbeidsoppgåver
- Profilering
- Arbeid mot barn/unge

# ARBEIDSOPPGÅVER (eks.)

- **Regionrådet skal vera eit samarbeids- og interesseorgan**
  - koordinerande organ for interkommunalt samarbeid i regionen
  - Næringssamarbeid

- **Rådet skal arbeide for å utvikle regionen med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde**
  - Strategisk plan
    - Vegpakke Hallingdal
    - Fagskule reiseliv
    - Høgskule reiseliv
    - Nye arbeidsplassar
    - Livskvalitet
    - Hallingdal sjukestugu

- **Rådet skal ta vare på interessene til regionen overfor fylke, stat og andre organ på region-, fylke- og riksplan**
  - arbeide aktivt med markedsføring av regionens interesser,
  - gi felles uttalelser i viktige saker for regionen,
  - lobbyvirksomhet mv.
    - Ringeriksbanen
    - Vegpakke Hallingdal
    - Politireform
    - Rettssenter
    - Viken


Sogndal
Årdal
Rv52
Flåm
Hemsedal
Fagernes
Lillehammer
Fv50
Voss
Dokka
BERGEN
Ål
Gol
Geilo
Nesbyen
Rv7
Kinsarvik
Flå
Odda
Hønefoss
OSLO
Haugesund
Kongsberg
Drammen
Seljord
Moss



HALLINGDAL

# FOLKETALSUTVIKLING NOKRE DISTRIKTSREGIONAR




Regionrådet for HALLINGDAL

# Hallingdal, folketilvekst, fødselsoverskot, innanlandsk nettoflytting og netto innvandring, 1997- 2016




HALLINGDAL

# Indeksert arbeidsplass vekst i Hallingdal




| | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 0615 Flå | 100 | 103 | 107 | 107 | 116 | 121 | 126 | 115 | 120 | 117 | 116 |
| 0616 Nes (Busk.) | 100 | 101 | 100 | 94 | 94 | 92 | 89 | 91 | 88 | 88 | 91 |
| 0617 Gol | 100 | 103 | 99 | 96 | 96 | 96 | 96 | 97 | 98 | 98 | 98 |
| 0618 Hemsedal | 100 | 106 | 105 | 106 | 108 | 105 | 106 | 107 | 108 | 107 | 109 |
| 0619 Ål | 100 | 102 | 102 | 101 | 103 | 105 | 107 | 105 | 105 | 101 | 103 |
| 0620 Hol | 100 | 104 | 110 | 107 | 104 | 102 | 101 | 100 | 100 | 98 | 99 |
| Hallingdal | 100 | 103 | 103 | 100 | 101 | 100 | 100 | 100 | 100 | 99 | 100 |

# FRAMSKRIVING FOLKEMENGDE HALLINGDAL

| | 2018 Registrert | 2040 Hovudalternativet (MMMM) | Låv nasjonal vekst LLML | Høg nasjonal vekst HHMH |
|---|---|---|---|---|
| Flå | 1 069 | 1 400 (1261) | 1 300 | 1 500 |
| Nes | 3 341 | 2 900 (3285) | 2 800 | 3 200 |
| Gol | 4 566 | 4 500 (4822) | 4 200 | 4 800 |
| Hemsedal | 2 457 | 3 700 (3589) | 3 500 | 4 000 |
| Ål | 4 626 | 4 200 (4836) | 3 900 | 4 500 |
| Hol | 4 520 | 4 400 (4615) | 4 200 | 4 800 |

( er tal framskriving som vart gjort i 2016)

**Grovt fortalt med nye anslag (2018)**:

- 500 færre i aldersgruppa 0- 19 år i 2040 i forhold til 2018
- 1000 færre i aldersgruppa 20 – 64 år i 2040 i forhold til i dag
- 2000 fleire i aldersgruppa 65 år og eldre i 2040 i forhold til i dag

HALLINGDAL

# SYSSELSATTE BUSTAD, ARBEIDSSTAD

| | Sysselsatte personar etter bustad | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Flå | 514 | 490 | 512 | 536 | 562 | 539 | 529 | 533 | 532 | 542 |
| Nes | 1923 | 1822 | 1822 | 1847 | 1814 | 1781 | 1755 | 1732 | 1731 | 1743 |
| Gol | 2557 | 2457 | 2468 | 2437 | 2474 | 2498 | 2499 | 2432 | 2422 | 2425 |
| Hemsedal | 1171 | 1203 | 1223 | 1240 | 1237 | 1283 | 1314 | 1296 | 1307 | 1310 |
| Ål | 2547 | 2539 | 2536 | 2510 | 2522 | 2533 | 2553 | 2432 | 2443 | 2413 |
| Hol | 2578 | 2519 | 2511 | 2537 | 2529 | 2528 | 2515 | 2445 | 2452 | 2451 |
| **Hallingdal** | **11290** | **11030** | **11072** | **11107** | **11138** | **11162** | **11165** | **10870** | **10887** | **10884** |

| | Sysselsatte personar etter arbeidsstad | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
| Flå | 405 | 411 | 442 | 463 | 476 | 436 | 457 | 446 | 442 | 464 |
| Nes | 1575 | 1480 | 1490 | 1458 | 1411 | 1442 | 1396 | 1384 | 1432 | 1411 |
| Gol | 2927 | 2832 | 2846 | 2847 | 2830 | 2870 | 2902 | 2907 | 2892 | 2921 |
| Hemsedal | 1080 | 1089 | 1116 | 1079 | 1080 | 1102 | 1109 | 1102 | 1125 | 1066 |
| Ål | 2417 | 2397 | 2430 | 2474 | 2523 | 2494 | 2479 | 2389 | 2446 | 2420 |
| Hol | 2474 | 2407 | 2356 | 2300 | 2277 | 2262 | 2246 | 2220 | 2226 | 2252 |
| **Hallingdal** | **10878** | **10616** | **10680** | **10621** | **10597** | **10606** | **10589** | **10448** | **10563** | **10534** |




Figur 37: Bosteds- og næringsattraktivitet til regionene i Norge i perioden 2007-2016.

# Veksten i verdiskaping fortsetter i Hallingdal



# Bygg og anlegg er den største næringen målt i verdiskaping og en næring i vekst i Hallingdal

Verdiskaping fordelt på næringer i millioner kroner. Kilde: Menon (2018)



# Dagens situasjon (forenkla)

- Hallingdal er ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.
- Me har svært lite dagpendling, ut frå at reisetid er for lang til større arbeidsmarknadar .Dette gjer at Hallingdal i stor grad må ha både arbeidsplassane og arbeidskrafta.
- Hallingdal har høg sysselsetting i forhold til total befolkning
- Hallingdal har ein forholdsvis stor del av sysselsettinga i privat sektor
- Hallingdal har eit noko einsidig næringsliv.
- Ein stor andel av arbeidsplassane i privat næringsliv krev ei yrkesretta utdanning.
- Me rekruttera for få unge hallingar inn i vårt næringsliv
- Næringslivet i Hallingdal går rimeleg bra.
- Hallingdal har dei siste åra hatt nedgang i arbeidsplassar i privat sektor

# Mogelege utfordringar

- Hallingdal vil kunne få demografiske utfordringar
- Ikkje vekst i arbeidsplassar privat sektor
- Eit for einsidig næringsliv vil kunne bli ei utfordring både i forhold til at me er sårbare og at det er utfordringar i å rekruttere fleire av «våre eigne».


SAMARBEID
FOLK SOM RESSURS
BUKVALITET
INFRASTRUKTUR
FLEIRKJERNESTRUKTUR
ARBEIDSPLASSER
POSITIV
PRODUKTIV
ATTRAKTIV
Leiken
Ekta
Fri
Frisk

HALLINGDAL




Regionrådet for
HALLINGDAL

# Nye type lønsame arbeidsplassar i distrikta, Hallingdal vil sjå framover

- Sterke (tradisjonelle) næringar med mogelegheiter
- Ny teknologi og digitalisering, effektiviserar og reduserar
- Ny teknologi og digitalisering kan skapa nye arbeidsplassar i distrikta
- Befolkningsvekst/demografi kan bli ei utfordring



**Nye lønsame arbeidsplassar for yngre folk med fagutdanning, høgare utdanning**



# SAMARBEIDSPARTAR (eks.)

BUSKERUD
FYLKESKOMMUNE

VIKEN
fylkeskommune fra 2020

Statens vegvesen

FJELLnettverket
The Norwegian Mountain Network

Distriktssenteret
Kompetansesenter for distriktsutvikling

Rådet for
Ringeriksregionen

VALDRES
skjerper sansane

HALLINGDAL
NÆRINGSHAGE

HALLING
EXPO

Regionrådet for
HALLINGDAL

# ØKONOMI

**Samandrag økonomiplan 2019 – 2022 (2018-kroner)**

| TILTAK | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Driftsbudsjett | 2.810.000 | 2.860.000 | 2.910.000 | 2.960.000 |
| Tiltak Strategisk plan (eksternt og internt) | 4.200.000 | 1.800.000 | 1.800.000 | 1.800.000 |
| SUM | 7.010.000 | 4.660.000 | 4.710.000 | 4.760.000 |

**Finansiering**

| TILTAK | 2019 | 2020 | 2021 | 2022 |
|---|---|---|---|---|
| Kommunane, driftsbudsjett | 1.960.000 | 2.010.000 | 2.230.000 | 2.360.000 |
| Eigeninnsats | 600.000 | 620.000 | 500.000 | 500.000 |
| Renter | 200.000 | 180.000 | 130.000 | 100.000 |
| Kommunane, disposisjonsfond | 50.000 | 50.000 | 50.000 | - |
| Kommunane, tiltak Strategisk plan | 800.000 | 900.000 | 900.000 | 900.000 |
| Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan | 1.400.000 | 900.000 | 900.000 | 900.000 |
| Regionalt næringsfond | 2.000.000 | 0 | 0 | 0 |
| SUM | 7.010.000 | 4.660.000 | 4.710.000 | 4.760.000 |




| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 |
|---|---|---|---|---|---|
| HUR+Fjellnettverket | 225 000 | 230 000 | 250 000 | 292 000 | 294 000 |
| Drift + Strategisk plan | 2 315 000 | 2 360 000 | 2 390 000 | 2 423 000 | 2 466 000 |

- Auke budsjett Hallingdal Ungdomsråd (HUR) og Fjellnettverket, 20016 – 2017, skuldast i fyrste rekke auke i kontingent Fjellnettverket.
- Auke budsjett HUR og Fjellnettverket, 2017 – 2018, skuldast at medlemmer i HUR frå 2018 får møtegodtgjersle.
- Auke drift og strategisk plan (2015 – 2019) er totalt ca. 6,5%

Konsumprisindeks 2016 – sept. 2018 er 7,9%

Kommunal deflator for 2019 berekna til 2,8%

Auke i budsjett Regionrådet for Hallingdal er m.a.o. litt over halvparten av auke konsumprisindeksen dei siste åra.

# RESULTAT DRIFT




Regionrådet for HALLINGDAL

# ØKONOMISTYRING

Enterprise Fakturabehandling 2018.3.00 - Internet Explorer

http://hd-ol-wb02:8100/fakturabehandling/fakturabehandling?0

Enterprise Fakturabehandlin...

File Edit View Favorites Tools Help

Visma Enterprise | Hjem | Meg selv | Medarbeidere | Fakturaer | Økonomi | Logg av

**Til behandling** Mine behandlede Rapporter Profiler Mine tilganger

## Til behandling

| Fakturanummer | Kont | Att | Anv | Parkert | Fakturadato | Forfallsdato | Leverandør | S | R | År | P | Beløp |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 7870202836 | | | 2 | | 17.12.2018 | 27.12.2018 | 203107-SCANDIC VALDRES | 30 | 0 | 2018 | 12 | 12 939,00 NOK |
| 10961 | | | 1 | | 07.12.2018 | 17.01.2019 | 202930-GEILO TRYKK & RE... | 30 | 0 | 2018 | 12 | 26 320,00 NOK |
| 19426 | | | 1 | | 31.12.2018 | 30.01.2019 | 202308-TORPOMOEN DRIFT AS | 30 | 0 | 2018 | 12 | 70,50 NOK |
| 5510272459026 | | | 1 | | 07.01.2019 | 06.02.2019 | 202864-TELENOR NORGE AS | 30 | 0 | 2019 | 1 | 322,13 NOK |
| 5510272457026 | | | 1 | | 07.01.2019 | 06.02.2019 | 202864-TELENOR NORGE AS | 30 | 0 | 2019 | 1 | 267,08 NOK |
| 5510272458016 | | | 1 | | 07.01.2019 | 06.02.2019 | 202864-TELENOR NORGE AS | 30 | 0 | 2019 | 1 | 177,50 NOK |

# RAPPORTERING PROSJEKT

## BYREGIONPROGRAMMET, FASE 2




**SLUTTRAPPORT**

HALLINGDAL

Regionrådet for
HALLINGDAL

www.hallingdal.no og Kva skjer







# SLUTTRAPPORT

HALLINGDAL

Regionrådet for HALLINGDAL

# ÅRSMELDING 2017




Regionrådet for HALLINGDAL

Regionrådet for HALLINGDAL

Regionrådet for
# HALLINGDAL








## Kva skjer

Aktivitetskalender for heile Hallingdal

i dag | i morgen | neste uke

| | | |
|---|---|---|
| BABYTREFF | 8. jan. | 14:00 - 16:00 |
| Snowboard prøve på-kurs på Slaatta | 8. jan. | 14:00 - 15:20 |
| Opplev langrenn, prøve på kurs | 8. jan. | 16:00 - 17:30 |
| Guidet langrennstur med teknikk veiledning | 9. jan. | 13:00 - 16:00 |

Gå til aktivitetskalenderen

DET ER
FOLKA
SOM TELLER
HALLINGDAL

# Regionrådet for HALLINGDAL

Regionrådet for Hallingdal er eit politisk samarbeids - og interesseorgan for dei 6 kommunane i Hallingdal. Regionrådet arbeidar for å utvikle regionen, med særleg vekt på nokre prioriterte satsingsområde. Dette er frå dei store spørsmåla i distriktspolitikken, med Hallingdal sine mogelegheiter og utfordringar, til konkrete saker innan t.d. samferdsel, breibandutbygging, utdanning, tilflytting, rekruttering og næringsetablering. Les gjerne meir om kva det blir arbeidd med på www.regionraadet.no. Under følger ein liten smakebit på nokon av sakene det er arbeid med i 2018.



Ordførarane i Hallingdal.



Hallingambassadørane våre i 2018 - 2019.

**HALLINGDAL ER EIN FELLES BU– OG ARBEIDSMARKNADSREGION** der me sjølve i stor grad må ta ansvar for utvikling av arbeidsplassar og rekruttering. Dette er eit viktig og langsiktig innsats det blir arbeidd mykje med. Her er Hallingtreff eit viktig tiltak som Regionrådet arbeidar kontinuerleg med. I 2018 har det vore treff i Bergen og Trondheim. Her møtte me utflytta hallinga og andre som var nysgjerrige på regionen vår. Målet er å syne mogelegheitene i arbeidslivet og fritida i Hallingdal.

**RETTSSENTER - POLITISK SEIER!** Regionrådet har engasjert seg i arbeidet for å etablere eit felles rettssenter for Hallingdal, med samlokalisering av tingrett og jordskifterett, i Nesbyen. I perioden 2015 – 2017 har det vore nok av oppturar og nedturar. Men i august 2018 vart det signert intensjonsavtale mellom Domstoladministrasjonen og Nes kommune, for etablering av felles rettssenter. Dette er eit godt døme på at det regionale samarbeidet både er nyttig og fungera.

**NORSK REISELIVSFAGSKOLE.** Buskerud fylkeskommune tok i 2015 initiativ for å vurdere eit fagskuletilbod innan reiseliv i Hallingdal. Det er etablert eit eige prosjekt der Regionrådet for Hallingdal er prosjekteigar i ein planleggings- og etableringsfase. Prosjektet skjer i nært samarbeid med Buskerud fylkeskommune og reiselivsnæringa, og Fagskolen Tinius Olsen har prosjektleiinga. Arbeidet er kome langt og målsettinga er at Norsk Reiselivsfagskole blir etablert på Geilo, med opptak av studentar hausten 2019. Buskerud fylkeskommune løyvde i desember 2018 6 mill. kroner til oppstart av skula. Hallingdal sitt bidrag frå næringsliv, kommunar og regionråd vil vera i storleik 1,8 mill. kroner.

**FRILUFTSLIVSENTREPRENØR.** Det er og i gang eit arbeid for etablering av eit høgskuletilbod «Friluftslivsentreprenør», som skal vera ei nasjonal leiande utdanning av natur og kulturbaserte guidar og entreprenørar. Utgangspunktet er eit samarbeid mellom Hemsedal kommune og Universitetet i Stavanger. Planlagt oppstart hausten 2019.

**YRKESMESSE.** I 2018 vart det også arrangert Yrkesmesse i Hallingdal. 2 dagar i januar vart 1000 ungdom frå heile regionen samla for å få kunnskap om arbeidsmogelegheiter og møte potensielle arbeidsgjevarar. Yrkesmessa vart arrangert for 10'ende gong og har vorte ein viktig arena der næringslivet og det offentlege Hallingdal får synt fram sine arbeidsplassar.

**HALLINGDAL UNGDOMSRÅD.** Som ein del av arbeidet med rekruttering og omdøme er ungdom ei sentral målgruppe. Hallingdal ungdomsråd er eit aktivt og viktig organ. Ungdomsrådet har tett kontakt med Regionrådet og fungera som eit rådgjevande organ for å fremme ungdom sine meiningar. I fleire tiltak nyttar Regionrådet Hallingdal ungdomsrådet aktivt i sitt arbeid.

**HALLINGAMBASSADØRAR.** Eit anna positivt tiltak er våre Hallingambassadørar. Me treng ein større bevisstheit og motivasjon for at vi alle faktisk er viktige ambassadørar for eigen region. Derfor utnemner Regionrådet såkalla Hallingambassadørar for å styrke vår identitet og skape positiv merksemd om Hallingdal. Hallingambassadørar er ungdom frå Hallingdal som utmerkar seg og skaper positiv merksemd kring Hallingdal i og utanfor regionen. Våre Hallingambassadørar er gode førebilete for ungdom og sjølv stolte hallinga.

**SAMFERDSEL** har vore og er framleis ei svært viktig oppgåve. Prioriterte oppgåver er hovudvegane gjennom Hallingdal og Bergensbanen, med realisering av Ringeriksbanen, der me no føreset byggestart 2021. I 2018 starta arbeidet for å realisere Vegpakke Hallingdal (utbetring Rv7 Ørgenvika – Gol) for fullt. Her er det etablert eit tre-part samarbeid mellom Buskerud fylkeskommune, Statens vegvesen og Regionrådet for Hallingdal, for å koma fram til planar og gode løysingar, som kan realiserast i løpet av ein 10-års periode. Regionrådet arbeidar og aktivt for å sikre eit best mogeleg kollektivtilbod for Hallingdal. Honnør til Buskerud fylkeskommune som no har teke ansvaret for ei meir permanent ordning, for vidareføring av Hallingbussen.



Fra Hallingtreff i Trondheim mai 2018.

Regionrådet for HALLINGDAL




LAURDAG 18. AUGUST 2018

# Har fått klarsignal

■ Felles rettsstad i Hallingdal ■ Nes kommune har signert

**Etter fleire års kamp er det gitt grønt lys for eit felles rettssenter i Hallingdal.**

ARNE O. LINDAHL
aol@hallingdolen.no

Det er klart etter at Domstoladministrasjonen (DA) har signert intensjonsavtalen med Nes kommune.

Det betyr at kommunen kan setje i gang å bygge.

– Byggearbeidet kjem i gang til våren, seier ordførar Tore Haraldset.

Hallingdal har stått saman i kampen for å få etablert eit felles rettssenter der Hallingdal tingrett i Nesbyen og Øvre Buskerud jordskifterett på Gol blir samla under eitt tak.

**Berg og dalbane**

Det har vore ein kamp i snart fire år. Ein einaste lang berg og dalbane. Først ein intern kamp i Hallingdal om plasseringa som enda med at kom-






Regionrådet for
HALLINGDAL



**NY BRU:** Fylkespolitikerne sier ja til å bygge ny Austvoll bru. (FOTO: ARNE O. LINDAHL)

Hallingdølen
15. Desember 2018

# Takk!

Torsdag vedtok Buskerud fylkeskommune å bruke 60 millioner kroner på ny Austvoll bru. Dette er viktig både for Stavn, Flå og Hallingdal. Etter at brua ble stengt i 2014, var det en kamp for å få ny bru inn i budsjettet. Brua ble regulert og prosjektert, men redusert utbytte fra Vardar (fylkeskommunens kraftselskap), førte til at prosjektet forsvant ut av budsjettet i 2016.

Det ble en lang og kronglete prosess for å få løfta brua inn igjen. Vi lykkes ikke med å få prosjektet inn i fylkeskommunens handlingsprogram for samferdsel selv om Hallingtinget i sin uttalelse hadde Austvoll bru som eneste prioriterte tiltak. Innspillet fra Hallingdal har derimot vært helt avgjørende for å få brua inn på budsjettet igjen. Derfor en stor takk til Hallingdals-kommunene som i denne saken har prioritert bort sine egne lokale prosjekt. Dette er et nytt eksempel på hvor viktig det er å stå sammen om gode lokale tiltak for å få gjennomslag regionalt og sentralt.

I dag er dagen for å takke. Først og fremst Ole Johnny Stavn som var den som kjempa brua inn på budsjettet i første runde, og som sammen med Kjell Ålien og Anne Sandum sørga for at det nesten holdt helt til mål.

I fjor høst hadde selv jeg, nesten gitt opp håpet om ny bru. Da fremma Iselin Haugo nytt forslag om bygging av Austvoll bru. Uten dette initiativet fra Iselin hadde det neppe vært mulig å få ny fokus på denne saken. Forslaget ble den gangen nedstemt, men med god hjelp fra fylkesvaraordfører Olav Skinnes, er det nå tverrpolitisk enighet om bygging.

> Dere har i denne saken tatt samfunnsansvar og vist at dere tenker helhet.

Jeg vil derfor på vegne av innbyggerne i Buskeruds minste kommune, få rette en stor takk til fylkesordfører Roger Ryberg og fylkestinget. Dere har i denne saken tatt samfunnsansvar og vist at dere tenker helhet.

Vi venter med champagnen til gravemaskinene kommer, men den dagen er dere hjertelig velkommen alle sammen.

TOR EGIL BUØEN, ORDFØRER I FLÅ

Regionrådet for
HALLINGDAL




**Glade vandrarar:** Om dei ikkje marsjerte heilt i takt, så var det samstemt jubel i ordførarkollegiet då dei fekk gladmeldinga om Sokna-Ørgenvika. F.v. regionrådsleiar Knut Arne Gurigard, Olaug Grønseth Granli (Gol), Tor Egil Buøen (Flå), varaordførar Ivar Brevik (Ål), Oddvar Grøthe (Hemsedal, Gerd Eli Berge (Nes) og Erik Kaupang (Hol). (Foto: Sigmund Kravel-Velle)

# Endeleg kunne ordførarane juble

■ Fekk gladmeldinga i regionrådsmøte fredag ■ Regjeringa vil bygge Sokna-Ørgenvika



# Tid for å feire

■ Jubel for ny veg til Hallingdal

**Glede:** Om fire år er strekninga Hallingdal-Oslo innkorta med 17 kilometer. – Det er det grunn til å markere, meiner regionrådsordførar Oddvar Grøthe t.h. og dagleg leiar i regionrådet, Knut Arne Gurigard.






27. JUNI 2014



Regionrådet for HALLINGDAL




Regionrådet for HALLINGDAL




# Fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16

**Største fellesprosjektet for veg og jernbane i Norge:**

- 40 km dobbeltsporet jernbane mellom Sandvika og Hønefoss
- 15 km firefelts veg mellom Høgkastet ved Sundvollen og Hønefoss
- Ca 23 km jernbanetunnel fra Sandvika (ved Jong) til Sundvollen og ca. 3x3 km tunnel vest for Sundvollen
- Ny jernbanestasjon ved Sundvollen

DOMSTOL
ADMINISTRASJONEN

# 18/103: Fremtidig organisering av regnskap- og lønnsfunksjonene i domstolene

**Vedtak:**

Styret vedtok at den nye landsdekkende regnskaps- og lønnsfunksjonen gis en organisatorisk tilknytning til DA. Dette legges til grunn for forhandlinger med arbeidstakerorganisasjonene, og det videre utredningsarbeidet frem mot endelig vedtakssak om innføring.

Styret ber om at det arbeides videre med Trondheim som hovedalternativ for lokalisering av regnskap- og lønnsfunksjonen. I utredningsarbeidet bør synergieffekter opp mot DAs eksisterende virksomhet i Trondheim og et fremtidig tjenestesenter for domstolene spesielt vurderes. Det bør også drøftes om lokaliseringen av regnskapsavdelingen til Direktoratet for økonomistyring i Trondheim skal tillegges vekt. Konsekvensene av en lokalisering i Trondheim bør sammenlignes med de høyest rangerte lokaliseringsalternativene på Østlandet som fremgår i saken.

Styret hadde mottatt brev fra Hallingdal regionråd i saken. Styret fant ikke grunnlag for videre utredning av Hallingdal som kontorsted.

På bakgrunn av at saken har vært grundig behandlet frem til nå, kan ikke styret se at ytterligere høring i domstolene vil tilføre saken noe nytt. Det gjennomføres ikke høring.

# Koss har du det?

- Hallingdal 2019 -







HALLINGDAL



Regionrådet for HALLINGDAL

# Sluttrapport

## Yrkesmessa Hallingdal 2015








# Høgare utdanning i distrikta, tilpassa næringslivet sine behov

Regionrådet for
HALLINGDAL



NORSK REISELIVSFAGSKOLE

Regionrådet for
HALLINGDAL

# Kort historikk

- ✓ Fylkestinget vedtar i handlingsprogram 2016-2019 at «styret ved Fagskolen Tinius Olsen bes utrede mulighetene for knoppskyting fra eksisterende fagskoletilbud på Ringerike, samt etablering av nye fagskole tilbud innen reiseliv og helse og sosialfag lokalisert til Hallingdal og Ringerike.»

- ✓ Styret i Fagskolen Tinius Olsen vedtar 15.02.16, sak 06/16 å følge opp initiativet i Handlingsprogrammet om å opprette et nytt fagskoletilbud «Reiseliv.»

- ✓ Søknaden behandlet av hovedutvalget for miljø, innovasjon og næring 29.11.17 saknr PS 83/17.

- ✓ BFK gir tilsagn om tilskudd på inntil kr 500.000,- til prosjektet.

- ✓ Sak 39/17 i Regionrådet for Hallingdal - Etablering av reiselivsfagskule
  «Fagskolen Tinius Olsen har arbeidd saman med reiselivsnæringa i Hallingdal for å sjå på etablering av ei reiselivsfagskule. Gjennom undersøkingar og samarbeid med utvalte bedrifter, er det konkludert med at det vil vera store mogelegheiter for å få etablert ei reiselivsfagskule på t.d.  Geilo. Det blir no arbeid med ein søknad «Kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø», der det er ynskjeleg at Regionrådet for Hallingdal står som søkjar og er prosjekteigar.

  Vedtak:
  **Regionrådet for Hallingdal vil i samband med søknad om etablering av reiselivsfagskule kunne stå som søkjar og prosjekteigar til realisering.**

## Studieplan

2 årig studium/fagskolekandidat nivå 5
med 3mnd praksis første året – nasjonalt,
og 3 mnd. praksis andre året - internasjonalt

Fag første året:

- Kommunikasjon, formidling og språk
- Opplevelsesøkonomi
- Ledelse, Økonomi og Markedsføring (LØM)
- Merkevarebygging og Salg
- Entreprenørskap/innovasjon/Konseptutvikling
- Vertskap

Fag andre året
**Reiselivsledelse og Opplevelsesutvikling**

- Landbruk, mat og miljø
- Sti, løype og landskap
- Bærekraftig reiseliv og reisemålsutvikling
- Hovedprosjekt

Fag andre året
**Hotell og Restaurantledelse**

- Gastronomi
- Administrasjon, ledelse og bedriftskultur
- Hovedprosjekt

Regionrådet for
HALLINGDAL





Universitetet i Stavanger

# Friluftslivsentreprenør

HALLINGDAL

Bachelor - Universitetet i Stavanger – Hallingdal Regionråd – Hemsedal kommune

| År 1<br>«Friluftslivsentreprenør»<br>Campus Hallingdal<br>60 sp. | År 2<br>«Reiselivsledelse»<br>Universitetet i Stavanger<br>60sp. | År 3<br>«Reiselivledelse «<br>Universitetetet i Stavanger<br>60 sp. |
|---|---|---|
| • Friluftsliv; som bla fottur, sykling, kano, fiske, truger, topptur med ski, overnatting ute, friluftslivhistorie, plante og dyreliv, geologi, sikkerhet og førstehjelp. Fordypningsfag; National guide vinterfjellet og sti sykling.<br>• Kulturbasert reiseliv; kulturgården/-huset, aktivitetsgården/-huset, gårdsturisme, økologisk matproduksjon, bærekraft og økoturisme.<br>• Guiding; service, praktisk pedagogikk, historiefortelling, psykologi og gruppedynamikk<br>• Entreprenørskap (Fra ide til bedrift) Forretningsplan, økonomi, administrasjon, prosjektledelse, salg/markedsføring. | • Markedsføringsledelse<br>• Global responsible tourism<br>• Personalledelse og kommunikasjon<br>• Attraksjonsutvikling og opplevelser<br>• Markedsanalyse<br>• Adventure tourism | • Bacheloroppgave i reiselivsledelse og entreprenørskap<br>• Jus for reiseliv<br>• Valgfrie emner |

- 6 fagområder
- 12 samlinger
- 4-5 dagers varighet
- Over 2 år
- Totalt 60 studiepoeng

Universitetet i Stavanger

HALLINGDAL

**Mål:**
Bachelor utdanningen via UIS **«Friluftslivsentreprenør»** skal være en nasjonal ledene utdanning av natur og kulturbaserte guider og entreprenører innenfor «Soft adventure».

**Ønsket resultat:**
**U**tdanningen skal sikre kontinuerlig kompetanse utvikling hos Norges **fremtidige guider** og gi studentene kunnskap og ferdigheter til å:

- Gi fremtidige gjester **minnerike opplevelser** av høy kvalitet for et nasjonalt og internasjonalt marked i natur og kulturlandskapet.

- Gjøre dette til et **bærekraftig levebrød** gjennom å skape og **lede en bærekraftig, natur-kulturbasert virksomhet.** Det være seg i forbindelse med gårdsturisme, på overnattingssteder eller andre opplevelser i tilknytning til naturopplevelser.



Universitetet i Stavanger

HALLINGDAL

# Fjellregionen Hallingdal i Viken



ENTRUM OG PERIFERI: Fylkespolitikarar i Viken jobbar seg saman. Denne veka har dei tatt turen til utkanten i vest for å høyre om reiseliv, næringsutfordringar og knpetansebehov. Her ønskjer rektor Grete Golberg og ordførar Heidi Granli velkomen til eit speedprogram på Gol vidaregåande skule. (FOTO: TOR FOLGERØ)

## Lynkjapp speeddate med Viken

VIKEN
fylkeskommune fra 2020



Regionrådet for HALLINGDAL

Øvre Buskerud representera både utfordringa og store ressursar, som utan tvil vil kunne bli ei styrke i Viken. Her trengs det både bevisstgjering og kunnskapsoverføring.

Det må takast omsyn til dei regionane/kommunane som ligg i det distriktspolitiske verkeområde. I dei vidare prosessar må det arbeidast for:

- Partnarskapsavtale tilsvarande det som er mellom Buskerud fylkeskommune og regionane i Buskerud i dag.
- Ein tydleg distriktspolitikk
- Det må vera dedikerte medarbeidarar med lokalkunnskap
- Distriktskontor (distriktspolitisk virkeområde) som har kompetanse i forhold til:
    - Distriktspolitikk
    - Reiseliv
    - Fjellandbruk




# DET ER FOLKA SOM TEL

## SMART VILLAGES – IN ACTION




© Fraunhofer IESE Digitale Dörfer

# ERFARINGAR OG RÅD

- Effektiv, offensiv motsetning til struktur og roller?
- Tillitssamfunn – kontrollsamfunn? Skap kultur for samarbeid
- Lokal/regional forståing for kva eit overordna samarbeid kan ha å seie, for utvikling av regionen og gode tenestetilbod
- Langsiktigheit, kontinuitet
- Tillit, rausheit
- Forankring
- Synleggjera/marknadsføre resultat og dei gode historiene
- Informasjon, informasjon, informasjon
- Heie på dei som vil

HALLINGDAL

Regionrådet for
HALLINGDAL

**KONTROLLBASERT**
Eit sandpåstrøyingsorgan
for kommunane i Hallingdal

**TILLITSBASERT**
Eit kraftfullt samarbeidsorgan
for Hallingdal